

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 8

Arna Oktober 1969

2. årgang

Week-end

På Week-end dreg me. Eller betre skynlegt for ulærde folk, på helgatur. Og i åndi skal du få fylgja med. Vegen er noko lang og føtene lyt me nytta. For hytta ligg ikkje ved alfarveg. Det er mange som ikkje har håtta henne endå dei har vore i nærleiken på sine mange turar i skog og fjell. Me lyt ha god nista. «Kvilebakken» kallar me staden der me plar eta nista vår. Der er det og så fint utsyn. Vegen er kjend for oss ni sidan me har gjenge her frå vår tidlegaste ungdom. Nista vår er enkel og god. Brødskiver med smør og sukker på — og so mjølk. Det er beste nistematen, og lett er det å finna han i skuffene. Sume ser eg dreg på brus og syltetøyskiver eller oste-skiver, men slikt gjer ikkje fjellrøynde folk. Vegen kan vera tung i motbakken. Myrlendt er det og stundom. Me vert både sveitte og skitne. Men yver skoggrensa ligg «Skitt-tjørn». Eit lite fiskevatn som ber namnet sitt med stor urett for det er fint vatn. Og der laugar me oss. Badedraktar dreg me ikkje på. Og mykje friskare kjenner me oss etterpå. Me let soli turka oss og bruna oss. Brunliten kan me sjå yver heile kroppen.

Herifrå kan me augna hytta vår og. Kveldssoli gyller tak og glas og dør. Og me

dreg frametter den siste molen. Døri er ulæst. Det har kome vel med mange gonger, sers i skodde og regn ein haustadag når fingrane var frosne. Du fekk stiga inn med ein gong.

Ho er alltid ljøs, alltid varm og venleg. Og innkomne kjenner me oss med ein gong som nye menneske. Me og vert varme, ljose og nye. Det fins ikkje maken til hytte nokon stad. Og dei som fekk koma inn undrast ikkje på at me stødt dreg iver for å kvila oss her.

Men vil du sjølv finna fram staden lyt du ta kartet fram. Sume stader er klårt teikna inn. Laugeplassen er avmerkt. Kvilebakken like eins der du skal drikka mjølk og eta brødsnivene dine, og hytta er klårast teikna inn. Hytta heiter Kristus. Brødsnivene med sukkeret på, er Guds ord. Mjølki det var det aller fyrste du fekk smaka på du liten var, Og tjørni med det låke namnet var staden du la frå dag, lygn, svik og mykje anna som hengde seg på deg under di lange ferd. Men hugska skal du: Hytta er ulæst. Og open for deg. Men ta no iver medan det enno er haust. For når snøen kjem, vert det verre finna fram.

Til søndagsskule-jubileet 21. sept. 1969

Når vi i dag er samla for å markera at søndagsskulearbeidet i Arna har halde ved i 75 år, høver det å ta eit lite tilbakeblikk.

Men vi skal ikkje lenger attende enn til 1944. Då gav Haus søndagsskulelærarlag ut eit skrift i høve 50-års høgtida. for søndagsskulen. Dette skriftet er på vel 30 sider, og dei av oss som har lese det, veit at det går grundig fram og gjev eit interessant og fint bilete av dei 50 første åra. I dag kan det høve å ta med nokre sfå glimt fra dette:

Søndagsskulen på Unneland tok til for første gong i 1893 el. 1894. Etter nokre år vart det slutt. Men i 1903 starta dei igjen. Frå denne tida les vi om julefestar då inngangspengane var 10 øre for born og 20 øre for vaksne.

Men vi merkjer oss også at i den tida gjekk mange ungdommar på søndagsskulen. Det førde til vekking, og både born og vaksne kom med i kristenflokken.

Då søndagsskulen byrja i Indre Arna i 1909, var folk i førstninga temmeleg reserverte. Dei ville først forvissa seg om at søndomsskulen ikkje var farleg for borna. Etter kvart skjøna dei at dei trygt kunne senda borna i seg.

Når er altså 25 år til gått over i saga, og arbeidet i søndagsskulen har halde ved i denne tida. Rett nok talar vi ikkje om søndagsskulen i Haus i dette høvet, men om søndagsskulen i Arna. For ikkje så lang tid sidan vart Arna eige prestegjeld i samband med kommunereguleringa, og søndags skulen skilde lag i 1967.

I Arna er det i dag følgjande søndagsskular: Indre Arna, Arnatveit, Fjellgardane, Hauge, Haukeland, Haugland, Herland, Romslo, Seimsmark, Trengereid, Unneland og Ytre Arna.

Ein refererer her til siste oversyn på krinsplanet.

Ein nokså ny søndagsskule er ikkje komen med. Det er Adnamarka søndagsskule i Indre Arna. Han held til i blokkene i Adnamarka.

Det same oversynet veit å fortelja at omlag 750 born gjekk på søndagsskulen i Arna i 1968.

Til samanlikning kan nemnast at i 1944-45 gjekk det like mange born på alle søndagsskulane i det gamle Haus.

Tek vi sa for oss talet på born i søndagsskulen i det noverande Arna dei siste 25 åra, finn vi at omlag 16600 born har gått i desse søndagsskulane i denne tida.

I 1948 Fjellgardane, leia av T. Minde. Seimsvark kom til i 1959 med S. Kleiveland som leiar. Adnamarka kom i gang i 1968, og P. Eide står i leiinga der.

Når det gjeld søndagsskulane i Haus i desse 25 åra, har der gått omlag 7500 born.

I årsmelding 45. for Bergens Søndagsskolekrets er desse med: Hannisdal og Rolland, Hauge—Gjerstad, Lonevåg, Mjeldalen, Myking, Seljerinden, Votlo.

I 1947 kom so Fitje søndagsskule med. Søndagsskulelærarane har skift frå tid til tid, men mange stader har det vore dei same. Så vidt ein veit er Brita Nævdal og Olai Unneland dei eldste av dei som har vore med. Brita Nævdal var med frå 1919 og Olai Unneland frå 1932. Ser ein på årsmelding 45, finn ein t.d. Jens O. Berg som leiar for Indre Arna søndagsskule. Siste årsmelding syner det same. Berg kom med i arbeidet omkring 1930 og har såleis halde ved i omlag 40 år.

Når ein samanliknar talet på arbeidarar med talet på borna, finn ein snart ut at dei fleste søndagsskulane slit med for få lær-

arar. Berre Ytre Arna kunne i første 50-årsbolken melda om rik tilgang på hjelp i arbeidet.

I årsmeldingane er der ein rubrikk med overskrift: Gåver til krinsen. Det er tydeleg at i fleire høve er det dei middels store søndagsskulane som er flinkast til å gje, medan andre ikkje sender til krinsen i det heile.

Korleis skal ein så vurdera søndagsskulen i Arna i dag? Er han tidsmessig, har han framtida for seg? På det første spørsmålet lyt ein svara at også søndagsskulen må freista å følgja med utviklinga. Ein må ta i bruk nye metodar i undervisninga. Men målet har alltid vore og vil alltid vera det same: Å hjelpa borna til å verta verande i trua på Jesus Kristus.

Skal søndagsskulen i Arna verta verande i framtida, lyt vi nok meir enn før be for arbeidet.

Det er ei rivande utvikling i bygdene våre, og i søndagsskulearbeidet møter vi nye

problem: Fleire og fleire får seg bil, og når søndagen kjem, dreg dei på tur. Dermed vert borna meir tilfeldige gjester på søndagsskulen. Men arbeidet er ei oppgåve som Gud har gjeve oss, og i tru til Han skal arbeidet lukkast.

Lat oss ikkje gløyma å takka for den rike signing som har vore over arbeidet til denne dag!

Og lat oss så be om at mange, mange foreldre verkeleg må sjå sitt ansvar og senda dei små på søndagsskulen i komande tider. Vi må også be Gud om at fleire må sjå den store arbeidsteigen som søndagsskulen er og bli med der. Og framom alt må vi be om visdom og nåde til å få peika på Jesus så dei små kan sjå opp til Han og verta glade! Gud er allmechtig, men han er avhengig av at du og eg er villige til å gjera ein innsats.

Lat oss ikkje dra oss undan, men gå hugheilt inn i arbeidet også i framtida.

Prolog til jubileumsfesten i Arna Søndagsskulelag

Såg du dei strålende augo
med smil om kvar barnemunn!
Høyrde du songen som lydde,
og såg du påny i den stund,
at her *ein* teig av Guds åker,
med slik ei grornem jord!
med mjuke og vare barnesinn,
Gud gav oss ei oppgåve stor!
Betre grorbotn du aldri finn
enn barnet sitt ope og ærlege sinn,
det tek imot,
ja, meir enn me aner hjå barnet slær rot!
Dei gjengir som eit ekko
frå dei er ganske små,
det vonde med det gode,
det har me vel fått sjå,
og det me gjerne aller minst vil høyre,
det gjekk nok sjeldan utanom

den vesle sine øyre!
I ei fårefull verd veks dei fram,
sjøl dei beste heimar kan ikkje verja
frå synd og skam,
giftige piler etter dei er,
sterke makter frå fiendehær!
men han som er sterkast har
sagt eit ord,
han feller sin harde dom
over dei som forfører hans små på jord,
hans dyrkjøpte eigeidom!
Så freister då me etter evne og skyn
å visa borna eit fagrare syn —
me peiker på Jesus, til han syner vegen,
og lærer dei sangen om himmelstigen
me ser dei store skarar
av søndagsklædde små,
det er Noregs von og framtid her me aner,

om me dei svake spirer i det
rette lys får sjå,
til ny og stadig innsats
det oss maner!
Ved denne store milepel det høver
sjå attende,
og mange av de skrivne blad
me attyver lyt vende.
I bøn og tru vart steinen lagt,
den fyrste då,
og andre byggjer vidare,
til beste for dei små.
Og Gud være takk, det frukter har bore,
sundagsskulens arbeid i bygdene våre,
frå den fyrste vart skipa,
det tyktest heller smått,
og mang ein einsleg sãmamn
sleit titt så tungt og trått,
men gjennom ålt Guds sterke arm
har bore!
Ein for ein vart kalla heim,
me saknar dei og spør —
Skal me som trugen tenar stå
i kampen til me døyr?
Skal me få høyra milde ord
om truskåp i det små,
me må kvar dag i lydnad,
vår meisters ærind gå!
Men enno trengst det mange,
som gjerne tar eit tak,
som vier tid og krefter
til sundagsskulens sak.
må Herren vekkje kristen ungdom
å rett sitt ansvar sjå.
hausten er så stor, men arbeidarane få.
Noregs ungdom er vel fager,
men ikkje alltid rein, diverre —
barnet, denne skatten som er
gjeven av Vår Herre,
den må me hegna om,
det er ein blomst i knopp,
som dei til Gud vart borne fram,
dei og må veksa opp.
må ogso denne høgtidsdag

Ungdomstinget i Bjørgvin

Dagane 15. og 16. august skipa Bjørgvin bispedømmeråd til det fyrste ungdomstinget som har vorte halde her i bispedømmet. Det vart kalla saman for å gje kyrkja høve til å høyra ungdommen si røyst og sine meiningar, og om lag 100 unge frå heile bispedømmet var samla på lærarskulen i Bergen dei dagane.

Sekretæren i Bjørgvin bispedømmeråd, pastor Johs. Valle, opna tinget ved å minna om mottoet: Alt høyrrer dykk til. (1. Kor. 3,22). Biskop Per Juvkam gjekk ut frå det same i helsingstalen sin til tinget. Han kom inn på kva ansvar det kviler på oss som unge kristne i dag med privilegia me har. Framtida høyrrer oss til, sa han, og dermed også eit ansvar for kva me gjer ho til, både som einskildindivid og som samfunn. Alt framsteg er ingenting om det ikkje siktar fram mot eit menneske i Guds bilete. Han la og sterk vekt på at kyrkja ynskjer å ta ungdomen alvorleg, noko ho i mykje mindre grad har gjort tidlegare.

Olav Hillestad heldt foredrag over emnet: «Ung i kirken», og han la særleg vekt på at me er representantar for Kristus der me er og slik me er. I den grad han får dominera oss, kan han verka gjennom oss. Me har ansvar for at me let han dominera oss, det skjer nemleg ikkje automatisk. Det vert kravt av oss som kristne at me veit kva me står for og kva me trur på. Forkynninga må gje kunnskap.

for oss velsigna være,
til kveik for trøytt sjeler,
til nytte og til gavn!
Det sædet som i tru vert lagt,
skal sidan frukter bære,
på bønearmar ber me så
dei små i Jesu favn!

Asta Sundland.

Hillestad førebudde til gruppemøta som tok føre seg forkynninga, gudstenesta, konfirmasjonen og verdas naud, d.v.s. misjon og U-hjelp. Gruppemøta var etter foredraget hans. Det var til saman 8 grupper, og i dei vart problema drøfta inngående og sakleg. I det heile syner tinget at kyrkja sin ungdom er engasjert i problem i kyrkja og i verda i det heile.

Gruppemøta varde fram til middag, og det gjorde godt med lekamleg føde etter så mykje åndeleg. Men mange heldt fram å drøfta det som hadde vore oppe på gruppemøta under middagen og.

Den fyrste samlinga etter middag var plenumsmøte der gruppeleiarane kort nemnde det dei hadde vore mest opptekne med rundt i gruppene, og det var fri debatt om emna. Grunna dårleg t.d., som det plar verta i slike samanhengar, vart ikkje problemet med U-hjelp og misjon teke opp då. Debatten var her og frisk, særleg då forkynninga vart drøfta. Ein nemnde kor viktig det er at folket får personleg kontakt med kyrkja sine folk, gjennom t.d. heimebesøk. Kyrkja har noko ho skal ha sagt, og då må ho seia det slik at dei utanforståande kan skjønna det. Det er viktig at lekfolket kan få avlasta presten der det er mogeleg. Folk ventar stort sett at ein prest skal ha tid til ått, men det har han ikkje, og då må lekfolket få sleppa til og sjå ansvaret sitt. Myrkje av det presten gjer åleine i dag, kunne andre like gjerne gjera. Dette kom fram i debatten om forkynninga og konfirmantførebuinga. Elles syntet det seg at mange ynskjer ei anna gudstenesteform enn den me har i dag, eller fleire alternative gudsteneste.

Denne debatten heldt på til kvelds. Etterpå let Hillestad oss høyra nokre nye salmetonar som både vart godt og dårleg mottekne. Til slutt samlast me i Landås kyrkje til kveldsandakt der Hillestad tala.

Neste dag starta me med å ta opp det siste emnet frå gruppene: «Verdens nød i søkelyset». Det vart her understreka at vår viktigaste oppgave er å evangelisera, men at den materielle hjelpa også måtte ytast, det er eit krav til oss kristne at me tek oss av dei som lid vondt, også lekamleg. Vidare kom det fram at det var trong for meir opplysning om situasjonen ute i U-landa, ein meir direkte kontakt millom dei kristne her heime og der ute, særleg i ungdomsmiljø kunne slik informasjon ha stor betydning. Våre storbyproblem i Europa vart også nemnd i denne samanheng, og her må me kristne vera vakne for oppgåvene som melder seg.

Dette møtet gjekk mykje i tråd med neste, der me fekk stilla spørsmål til kyrkja sine talsmenn på tinget, biskop Juvkam og domprost Høvik var med på dette møtet, som hadde emnet: «Ungdom i dialog med si kyrkje.» Det kom her fram at det var ynskjeleg at kyrkja i forskjellige aktuelle situasjonar uttalte seg meir, t.d. at eit samla bispemøte sender ut resolusjonar om aktuelle saker. Vidare var det nokre som meinte at kyrkja skulle ta standpunkt til ulike politiske problem, kanskje særleg når det gjeld U-landa og situasjonen der, prøva å hevda eit kristent syn i slike tilfelle. Elles vart det drøfta litt kring problemet: «Korleis vera kristen i eit verdsleg samfunn», når det gjeld politiske spørsmål, kulturspørsmål osv., det vart og streka under vårt ansvar for diakoni her heime «Lasarus», vart det sagt, «ligg utafor vår eige stoveddør!»

Seinare på dag heldt journalist Rolf Tofte eit foredrag over emnet: «Trafikkproblem på den smale veg», der han kom inn på alle organisasjonane og laga her i landet og dei problem som oppstår i den samanheng. Han stilte spørsmålet: «Er det Guds rike eller vår organisasjon vi skal for-

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

kynne?», og streka under at me ikkje må bli så organisasjonsbevisst at me berre ser vår organisasjon og ikkje Guds rike. Det vart presisert, og det kom og fram i samtalen etterpå, at me må respektera kvarandre og prøva å byggja ut eit lokalt samarbeid, der me prøver unngå kollisjonar når det gjeld arrangement. Leiarane for dei forskjellige laga bær samlast og samtale om arbeidet. Noko initiativ frå toppleinga i organisasjonen er det lite realistisk å venta på.

Etter middag hadde me eti møte der me prøvde å samla det me meinte i form av resolusjonar. Det kom då særleg fram at dei unge ynskte å koma meir med i arbeidet, i sokneråda, i ungdomsråd osv. Vidare vart det sagt at prestane si viktigste oppgave er forkynning forutan samtale og sjelesorg, og at lekfolk på mange måtar kan tre støttande til i arbeidet og avlaste han med mykje av det han må gjera. Elles var dei unge på tinget svært positive for den nye korfirmasjonsordninga, konfirmantåret, og trudde den ville vera av stor verdi for konfirmantane.

Om kvelden var det møte i Engen kino, der Steinar Ihle tala og Ten Sing var med.

For oss som fekk vera med på tinget var det både interessant og inspirerende, og det kom fram ynskje om at eit nytt Ungdomsting skulle kallast saman igjen om eitt eller to år.

Ungdomstinget — ein vellukka delent.
Kari Leine Ottar Hope.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA SOKN:

- 29.6. Merita, foreldre: Ragnar Leidulv Berntsen og k. Marit, f. Hjelle.
29.6. Marit, for.: Sveinung Knappskog og k. Kjersti, f. Hammersland.
4.7. Helge, for.: Terje Akselberg og k. Aud, f. Andreassen.
4.7. Tom Helge, for.: Dagfinn Arvid Borge Lavik og k. Kari Marie, f. Bech.
6.7. Mari, for.: Knut Mæstad og k. Solveig Jorun, f. Takle.
6.7. Bjarte, for.: Bjørn Alvær og k. Marit, f. Nordgaard.
12.7. Sturle, for.: Johan Jostein Nordbø og k. Bjørg, f. Johannessen.
12.7. Steinar, for.: Bjørn Arnold Tverlid og k. Turid, f. Tveit.
12.7. Geir, for.: Svein Sivertsen og k. Randi, f. Hauge.
12.7. Stig Atle, for.: Birger Eide og k. Margit, f. Nesheim.
13.7. Hans Christian, for.: Norvald Nordvik og k. Laila Annie, f. Jenssen.
13.7. Wibeche, for.: Knut Larsen og k. Grethe, f. Nordbø.
19.7. Olav Magne, for.: Arne Birger Nævdal og k. Janne Marie, f. Hansen.
19.7. Anne Kristine, for.: Odd Martin Andersen og k. Evy, f. Lothe.
19.7. Anne Kari, for.: Harald Kollstrøm og k. Kari, f. Nedrestøl.
19.7. Tone Lill, for.: Terje Angelskår og k. Inger Helen, f. Rondestveit.
27.7. Tone, for.: Jan Johannessen, Signy Albertine f. Simonsen.
20.7. Anne Merete, for.: Arne Leif Landsvik, Kirsten Sølvi f. Stormark.
26.7. Eddie Norodd, for.: Sverre Helgø, Magny f. Karstad.
27.7. Ivar, for.: Einar Kristian Garvik, Målfrid f. Vangdal.

- 27.7. Britt, for.: Johannes O. Borge, Karin f. Træland.
3.8. Torbjørn, for.: Arne Hoff, Ingrid f. Kirkelid.
3.8. Elisabeth, for.: Kolbein Kolnes, Solveig f. Midtun.
10.8. Arild, for.: Arne Lillefosse, Bjørg Lilly f. Norevik.
10.8. Bente Helen, for.: Leif Agnar Angell, Aud Bergljot f. Drangevåg.
10.8. Liv Randi, for.: Leif Birger Borge, Rannveig Maria f. Mæle.
17.8. Marianne, for.: Ingard Fosse, Randi f. Vevle.
17.8. Tove, for.: Olav Jostein Espedal, Erna f. Sørheim.
17.8. Jorunn, for.: Nils Kåre Olsen, Sigfrid f. Asheim.
31.8. Kari Christine, for.: Kjell Moldekleiv, Ellen f. Gjerstad.
31.8. Mariann Elizabeth, for.: Einar Otto Stephansen, Berit f. Finne.
31.8. Merethe, for.: Svein Engstrøm, Torgunn Doris f. Grimstad.
31.8. Åse Karin, for.: Knut Arthun Skålnes, Åsta f. Natlandsmyr.
31.8. Sonja, for.: Knut Arvik Asheim, Gunvor f. Nordbø.
31.8. Hege, for.: Svein Ramsland, Kari f. Pedersen.
6.9. John Robert, for.: John Magnus Bognøy, Randi Helen f. Hansen.
6.9. Erik, for.: Erling Hermansen, Marit Inger f. Hofland.
6.9. Arild, for.: Audun Stokke, Berit Margot f. Simmenes.
6.9. Tore, for.: Halvin Førland, Judith f. Bratland.
6.9. Anne, for.: Atle Johan Sørensen, Sissel f. Gunnarsen.
7.9. Britt Harriet, for.: Styrk Utne, Bjørg f. Hekland.
14.9. Tore, for.: Knut Even Schenken, Anne-Lise f. Assersen.
21.9. Thomas, for.: Truls Hjelle, Rannveig Norunn f. Sørhaug.
27.9. Nina Evy, for.: Egil Sigurd Lillestøl, Bjørg f. Paulsen.
28.9. Magne, for.: Mons Thunestvedt, Lillian f. Jansen.
28.9. Odd, for.: Vagleik Natås, Jorunn f. Lothe.
28.9. Sigve, for.: Steinar Nils Fortun, Astrid f. Ervik.
28.9. Randi, for.: Kåre Mathias Søyland, Dagny f. Melstveit.
28.9. Merethe, for.: Svein Helge Thunestvedt, Oddny f. Reistad.
28.9. Solveig, for.: Odd Sortland, Randi f. Angelshaug.
- VIGDE I ARNA:*
- 23.8. Gunnar Nesse — Aslaug Aaland.
26.7. Jan Georg Taule — Inger Lise Brobakk.
6.9. Sigurd Lithun — Kristine Petrine Annie Tostrup Skaftnes.
2.8. Jan Hisdal — Margot Solberg.
6.9. Lars Kjosaas — Bjørg Skutevik.
20.9. Åge Hagesæther — Gunn-Berit Reitan.
27.9. Johnny Isaksen — Sissel Olsen.
18.10. Arne Seglem — Gunnhild Mjeldheim.
- AVLIDNE I ARNA:*
- 22.8. enkjemann Martin N. Lohne f. 1895.
26.8. gift kom.arb. Oddmund Magnussen f. 1912.
11.9. gbr.enkja Anna Maria Bøthun f. 1895
26.9. lærar, gift Hilmar Johan IHopsda f. 1910.
24.9. enkja Kari Eriktdtr. Bjørge f. 1875.
7.10. liten gut Bjarne Takvam f. 1969.
4.10. gift grb. Karl Martin Ramsdal f. 1898.
9.10. gift pensjonist Johannes O. Thunes f. 1901.
- DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:*
- 3.8. Eva, foreldre: tekstilarb. Malvin Sætrevik og Ingebjørg f. Øvretveit.

- 17.8. Ingunn, for.: kapt. i Frelsesarmeen Erling Mæland og Signe f. Paulsen, (Time).
- 24.8. Øyvind, for.: Maskkøyrar Svein Petersen og Jorunn f. Kleiven (i Florø).
- 24.8. Jon Ove, for.: Politimann Arnfinn Landøy og Magnhild f. Kvamme.
- 31.8. Asle, for.: tekstilarb. Torkell Hammersland og Aina f. Karlsen.
- 31.8. Merete-Karin, for.: Styrmann Henrik Færøy og k. Helga f. Hundhammar.
- 21.9. Grete, for.: kalkulatør Olafur Halldorsson og Marit f. Vevle.
- 21.9. Bente, for.: arb. Knut Scheldrup og Ase f. Strømsnes.
- 7.9. Frank, for.: bankfullm. Bjørn W. Sølvsberg og Sigrunn f. Rolland.
- 28.9. Grethe, for.: ing. Steinar Helgså og Marit f. Rolland.
- 6.9. Louise, for.: Jarle Larsen og Ollbjørg f. Lending (i I. Arna.)
- 27.9. Lillian, for.: Harry Vevle og Kirsten f. Hansen (i I. Arna.)
- 27.9. Mette, for.: tekstilarb. Torleif Birke-land og Irene Sidsel f. Gaupås.

VIGDE I YTRE ARNA:

- 20.9. feiar Arvid Jarle Berland og hmv. Sissel Torill Steinsland.
- 20.9. anl.arb. Knut Johan Knutsen og hmv. Anni Kristine Hansen. (i Bergen).
- 27.9. ing. Finn Magnus Dyrkorn og kon-
torist Beate Mjelde.
- 27.9. styrm.sk.elev Roar Grindheim og Kari Birgitta Stautland.

AVLIDNE I YTRE ARNA:

- 2.9. tidl. gardbrukars kona Gyda Maria Haugland f. 1884.
- 4.9. pensjonist Konrad Bertin Rolland f. 1901.
- 13.9. enkja etter tekstilarb. Pernilla Margrethe Lidtun f. 1881.
- 26.9. kontormanns son Odd Vik, f. 1944.

- 27.9. tidl. tekstilarb. Hjalmar Romslo f. 1895.
- 9.10. ingenlørs son Tinis Johan Kalsås f. 1963.

Kunngjering

Samrådet for kyrkjegardane i Arna har gjort vedtak om at gravene på den gamle kyrkjegarden i Arna skal ordnast i sam-svar med gjeldande reglar for stell av kyrk-jegarden.

Pårørande til dei som er gravne på denne kyrkjegarden får høve til å festa gravene om dei ynskjer det.

Ein vender seg til Emil Dalseth, telefon 40 569 Indre Arna, eller til underskrevne innan 1. november 1969.

Ytre Arna den 30/9 1969.

Samrådet for kyrkjegardane i Arna
Johs. Holmefjord f.t. formann.

Preikeliste for Arna prestegjeld

Bededag 26. oktober:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.
Om kveldenkl. 20.00. Ungdomspreik v/ Nils Svarstad.

Helgemessesundag:

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten, Nattverd.

23. s. e. tr., 9. november:

Arna: Soknepresten. Trengereid: Res. kap.

24. s. e. tr., 16. november:

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten.

25. s. e. tr., 23. november:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.

1. søndag i adv. 30. november:

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten.

Jolekonserten i Arna vert 2. søndag i adv.
7. desember.

Ljosmesse i Arna 3. søndag i adv. 14. desember

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —